



Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/395 - 18/3716

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
09.03.2018

Byggesak Gbnr 77/68 Solheim vestre - tomannsbustad - tomt 6 - arkivert utan vidare handsaming

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad av 19.02.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at søknaden ikkje kan handsamast:

1. Det er søkt om eitt-trinn berre for grunnarbeider. I følgjebrev frå Ledahl, datert 16.02.2018, står det at det ikkje er avklart kva hus som skal førast opp, men at gesimshøgde og mønehøgde skal tilfredsstilla krav gitt i reguleringsplan sine føresegn § 3.1.1. Det er ikkje høve til å gje graveløyve på bustadtomt utan at det er søkt om bustad. Det tolkas av brev frå Ledahl om at det ikkje er avklart kva bustad som skal førast opp og at illustrert bustad i situasjonsplan derfor ikkje vil vera gjeldande. På synfaring med søkjar og tiltakshavar den 17.01.2018 vart det anbefalt at tomt 6 vart planlagt samstundes som resterande tomter, men det var ikkje byggjesak sin intensjon at det skulle søkjast eitt-trinns løyve for graving, sprenging, oppfylling og planering utan å søkja rammeløyve/eitt-trinns for bustad.

Vidare nemnast det for framtidig søknad at:

2. Det står i føresegn til regulering § 2.8.1 at det for bustad skal vera minst 2 parkeringsplassar per bueining og maksimum 3 plassar per bueining. Siste mottatte situasjonsplan, datert 16.02.2018, viser 1 parkeringsplass per bueining. Det må utarbeidast ny situasjonsplan og eventuelle nødvendige berekningar av areal i søknad må endrast.

3. Det er vedlagt søknad eit dokument med tittel «Fråsegn – sprenging fjellskjæring». Der blir det vist til at eigar av gbnr 77/83 gjer eigar av tomt gbnr 77/68 løyve til å sprenga ei fjellskjæring i grensa mellom eigedomane. Vidare er det under underskrift lagt inn at det gjeld eigar av eigedom 77/73. Eigedom gbnr 77/83 eksisterar ikkje og eigedom gbnr 77/73 grensar ikkje til gbnr 77/68. Det antas at det er eigedom gbnr 77/63 denne erklæringa skal gjelda frå, men dette kjem ikkje fram av mottatt fråsegn.

4. Då det søkjast igangsettingsløyve for graving, sprenging, oppfylling og planering må det i gjennomføringsplan førast inn dato for samsvarserklæring PRO for graving, sprenging, oppfylling og planering.
5. Det er ikkje samsvar i gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett angående når samsvarserklæringar/kontrollerklæringar skal føreleggja.
6. Det er ikkje samsvar mellom beskriving av ansvarsområde i gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett.
7. I søknad er det oppgitt at det gjeld gbnr 77/68, men i erklæring om ansvarsrett frå Bjørn Dale står det gbnr 77/80.

Saka vert arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
-----------------------------	----------------	------	--------

Mottakarar:

Terje J Ledahl AS	Nordnesveien 21	5005	BERGEN
-------------------	-----------------	------	--------